



Frå opningsdagen 25 mai 2008. Mykje folk var med å gjekk Reitlevegen denne dagen.


Utlånt av Berit Vetlejord.

REITLEVEGEN GJENNOM EKSINGEDALEN

Berit Vetlejord

Reitlevegen fram att i ljoset

Den gamle Reitlevegen, eller kløvjevegen, gjennom Eksingedalen var lenge gløymt av folket i dalen. Ikkje så merkeleg det, bilen var og er tida sitt framkomstmiddel, så kva skulle ein med ein gamal kløvjeveg som ingen lenger hadde bruk for? Eksingedølen er realist og ser kva som har praktisk nytteverdi.



Kart over Reiltevegen. Punkt 1 Tjødnaikleiva – Kalvrahjellen, 2 Ljoseberghelleren – Furukleiva, 3 Stirenghaugen – Raudfosskleiva, 4 Hedlebrøtet – Eikemo, 6, Rekvavika – Vettejord, 9 Vettejord – Juvbotn, 10 Juvbotn – Setmarka og 13. Dalastova – Åsen.

Utlånt av Therese Waage Trefall.



Trapper i Fururinden.

Utlånt av Berit Vettejord.

Men – det fanst likevel ein som ikkje heilt hadde gløymt Reitlevegen. Mannen var Aage Lavik. Litt hjelp til å bli minna om denne gamle vegskatten hadde han nok også i bestefar sin, Johannes A. Lavik f.1881, d.1966, som hadde overlete ei skattkiste til sonesonen i form av nedskriven Eksingedalssoga. Her fanst også noko om arbeidet med å byggja Reitlevegen.

Aage byrja å ynte frampå at det hadde vore interessant å prøva å finna fram att deler av denne gamle vegtraseen gjennom dalen. Han la tanken fram for fleire, mellom anna styret i Bygdarådet, der han var leiar. Ei lita gruppe personar vart utpeika til å ta fatt på oppgåva. Dette var i 1996.

Det å finna att sikker trase var ikkje lett. Når ein no først byrja å grave litt, viste det seg likevel at sume hadde høyrte gamle folk fortelje om bitar av traseen. Puslespelet byrja å ta form, nokre interesserte grunneigarar søkte fylkesmannen om tilskot til

arbeidet, og litt av vegen vart rydja for busker og kratt.

Så stoppa det opp i ein periode, både pengane og entusiasmen ebba ut. Aage greidde likevel ikkje heilt leggje ned tanken om bokstavleg tala å få Reitlevegen fram att i ljoset. Eit vellukka prosjekt for å få rydja, merkt, skilta og skrive om stølsvegane i dalen inspirerte også fleire til å ta tak att i prosjekt Reitlevegen.

Så ein fin vårdag i 2002 tok ein liten gjeng fatt på oppgåva med å gå opp heile reitlevegtraseen frå Eidslandet til Lavik. Grunneigarane og gamle folk i dalen vart kontakta for om mogeleg å få vita om restar etter gamal veg på deira grunn. Sume visste om stader der slikt fanst, utan at dei før no hadde tenkt på at det kanskje var den gamle Reitlevegen som hadde gått der. Sume av dei eldste kunne supplera med soger dei hadde høyrte frå sine foreldre. Puslespelet vart meir fullstendig etterkvart, og entusiasmen voks att. Nye planar vart laga, og det vart atter søkt om pengar. Denne gongen var det Bygdarådet som søkte om ein samla pott for heile strekninga frå Eidslandet til Lavik.

Tida gjekk fort, som ho har ein tendens til, og arbeidet med Reitlevegen gjekk i rykk og napp. Endeleg til slutt i mai 2008 var kjernegruppa av entusiastar klare til å invitera til Reitlevegopning. Då var store deler av dei vegbitane som ikke låg gøynde under bilvegen rydda, merkte og skilta, og eit 24 sideres hefte om Reitlevegen frå Eidslandet til Flatekval kom ferskt frå trykkeriet. Stor stas, over 100 framøtte, tale og snorklypping, og så lang, lang rekkje i nyfiken vandring på "ny" Reitleveg med forteljing attåt. Snorklyppar var sjølvstapt Aage Lavik, mannen som starta det heile.

Endå er det bitar i dette puslespelet som ikkje er på plass, men så har eksingedølene framleis spanande detektivarbeid å ta seg til i rolege stunder.

Slik vart vegen til

Historia syner at det alltid har vore eit slit å laga brukande framkomstvegar for folket i Eksingedalen. Dalen er mest fem mil lang, og naturen er vakker, men terrenget er utfordrande. Eksingedalen er ein trong v-dal, og elva Ekso renn langs dalbotn. Dei fleste gardane vart rydja langs elva, men mange stader gjekk høge fjellhamrar rett i elva og stengde for ferdsel gardimellom. Det var ofte meir naturleg å ferdast over fjellet til nabobygdene enn langsetter dalen når dei hadde ærend til sjøen og til handelsmann eller kyrkje. Sjølvstapt var det mange stader bratte stigningar over fjellet, men likevel meir framkomeleg til nabobygdene på andre sida, og så vidare til sjøen derfrå, enn nedover dalen til Eidsfjorden. Sjøen og båten var ein viktig del av ferdavegen til Bergen. Der kunne bøndene omsetja noko av produksjonen sin i pengar og naudsynthe varer. Også langs Eksingedalen tok dei seg gjerne fram med båt dei stader elva var roleg. Fram mot vår tid sto det båtnaust mange stader langs Ekso, men no er dei fleste borte.

Me tek med litt om dei kjende fjellvegane også:

Frå øvre Eksingedalen ferdast dei over til Arnafjorden i Sogn og over Strandafjellet til Vossestrand. Vanlegaste vegen gjekk over fjellet til Brekkhus i Teigdalen. Bolstad var gjerne næraste målet då, herfrå kunne dei og ro til Bergen.

Frå midtre Eksingedalen ferdast dei over Varafjellet til Øvre Helland i Modalen og vidare til Mo og fjorden. Seinare laga dei seg betre veg via Flatekval over "øvrafjellet" til Farestveit i Modalen, og då vart det mest vanleg å ferdast der. I motsett retning kunne dei ferdast gjennom Sjørdalen til Øvstedalen og vidare til Bolstad. I eldre tider hadde dei og ferdaveg frå Lavik gjennom Smørhellerdalen og til Ro i Teigdalen.

Frå nedre Eksingedalen ferdast dei via Høvik over "nerafjellet" til Krossdal i Modalen, og også til ei viss grad gjennom bratt stigninga via fjellformasjonen Joskardet til Almelid i Modalen.

I og med at eksingedølene slik ferdast over fjellet til nabobygdene, var dei også pålagde å delta i vedlikehaldet av vegane i desse bygdene. Dette var ei tung plikt for bøndene. Så ein dag då dei var ekstra oppgjevne over si slitsame vegplikt, kom dei forløysande orda om å laga brukande veg langs eigen dal. Då er me komne fram til tida rundt 1840. Eksingedølene heldt møte og laga planar, og tok så til



Eikemokloppa.

Utlånt av Berit Vettejord.

med arbeidet med det me no kallar Reitlevegen. Enkelte stykke er rett nok eldre, men på denne tida vart det sett i gong eit meir målretta vegarbeid med sikte på å få til ein brukbar kløvjeveg gjennom dalen og ned til sjøen på Eidslandet. Den tid hadde mange eksingedøler varebuer ved sjøen på Mo i Modalen. Herfrå rodde dei til Bergen med vara, og kom att med det dei hadde kjøpt. Rundt 1850 tok sume til å flytta varebuene sine til Eidslandet, og til 1860 hadde alle flytta. Det tyder på at alt i rundt 1850 var det brukbar Reitleveg til Eidslandet.

Reitleveg tyder ein veg der hestar som var reidde til med kløv kunne kome fram, altså ein kløvjeveg. Ei byferd med kløvhest og robåt kunne ta 3 veker, ja meir og for dei som budde øvst i dalen.

Det hadde truleg også tidlegare vore mogeleg på ei skarve vis å kome seg fram til fots heilt ned til sjøen på Eidslandet, men mange stader var det knappast forsvarleg å nytta stiane anna enn på sumars tid. Skulle ein frakta vara av noko mengde, var ein nokså avhengig av at ein kunne frakta henne på kløvhest.

Eksingedølene arbeidde i 3-4 arbeidslag med kvar sine stykke av Reitlevegen. Når det var stykke som krov ekstra innsats, gjekk dei fleire saman om desse. Mange stader måtte dei sprengje stein. Då kveikte dei bål og varma opp steinen, og slo så vatn på han til han sprakk. Dei bygde murar og la ned heller over blaute myrer. I bratte stigningar la dei steinheller til tropper, fleire stader er desse hellene



Part mot Eikemovatnet.

Utlånt av Berit Vettejord.

av imponerende storleik når ein tenkjer på at dei ikkje hadde anna enn handemakta og trestaurar til spett å hjelpe seg med. Ja, i Fururinden mellom Vettejord og Nese er den største hella i troppene på storleik med eit bord med plass for 10 personar!

Tyngste arbeidet sto på i 8 – 10 år. Det vart ført liste over arbeidet, og dei 7 gardane frå Høvik til og med Øksendalen la ned over 6000 dagsverk på vegen. Rett nedanfor Nese var det ein stad der berget gjekk rett i djup elv. Rundt 1850 gjorde Jakob O. Nese, f. 1797, saman med to drenger eit imponerende arbeid. I 9 veker held dei på med å dra fram stein til å fylla i elva, heilt til dei hadde veg framom berget.

I slikt terreng var det naudsynt å gjera forbetringar på Reitlevegen også etter at hovudtyngda av arbeidet var gjort. Me har mellom anna funne eit brev frå desember 1875 til ordføraren i Hosanger, som var den kommunen midtre del av Eksingedalen hørde til.

Brevet gjeld ei kommunal løyving. Her vert det vist til omleggingar av fleire "kleiver", så som "Åsendkleiven", "Gunildfoskleiven", "Stavleifoskleiven" og "Fururinden". *"Det er vort ønske at drive således på med arbeidet at det alt sammen kunde være ferdigt til neste høst, da disse stykker ere de meste som ere iveien når vi skal til at transportere materialer til ny kirke."* Vonleg vart dei nokolunde i rute, for ny kyrkje på Flatekval sto ferdig i 1881.

Kommunale løyvingar var det elles lite av. Den einaste løyvinga vi veit noko sikkert om, vart vedteken av Hosanger herad i 1856. Ho var på 10 spesidalarar. Desse pengane vart brukt til å kjøpa minekrut for, så då slapp dei å bruka gamlemetoden med å sprengja steinen med bålvarme og vatn.

Etterkvart som det vart bygd bilveg gjennom dalen, eit arbeid som tok til frå Eidslandet våren 1888, vart bilvegen delvis bygd oppå Reitlevegen. I starten kunne det knappast kallast bilveg, for bilar fanst ikkje då. Det er fortalt at den første

bilvegen mellom Eidslandet og Høvik var så smal at der knapt nok var plass til ei hestekjerre, så Reitlevegen vart vel eit naturleg underlag der terrenget elles høve til bilveg. Sjølv om bitar av Reitlevegen vart liggjande utanom bilvegen, grodde dei til og vart etter kvart gløymde. Mykje verdfull kunnskap døydde her som elles ut med dei gamle. Når me no har prøvd å finna att traseen for Reitlevegen og fortelja litt av den gamle vegsoga, kan me sjølv sagt ikkje vera sikre på at den soga me fortel er heilt rett. Nedteikningane til Johannes A. Lavik er likevel ei svært god historisk kjelde. Utan hans penn er det ikkje sikkert at dei gamle sitt slit no ville vore synleg for nye generasjonar.

Etterskrift

Dersom ein slik vandringsveg gjennom skog og mark ikkje skal gro til og verte gløymd på ny, er det viktig at han vert trakka ofte. Om du tek deg ein tur på den gamle Reitlevegen gjennom Eksingedalen, er du difor med og tek vare på eit viktig kulturminne, samstundes som du vert ei oppleving rikare. Heftet "Reitlevegen gjennom Eksingedalen" får du mellom anna kjøpt i Eksingedalen nærbutikk. Her kan du lesa meir om kvar enkelt løypestrekning, og slik få utfyllande kjennskap til soga. Samstundes gjev du eit bidrag til vidare arbeid med å lyfta fram kulturhistoria.

Kjelder:

Johannes A. Lavik sine private nedteikningar.

Bygdebok for Modalen herad, band 1.

Diverse munnlege kjelder.